 Haukeland universitetssjukehus	<h2>SOReg - PROM og PREM</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Pasientadministrasjon/Administrative støttefunksjoner	Gyldig fra/til:30.08.2024/30.08.2025
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Laboratorieklinikken/Avd. for medisinsk biokjemi og farmakologi	Versjon: 1.00
Godkjenner: Hege Hoff Skavøy	Driftsdokument
Dok. ansvarlig: Villy Våge	Dok.id: D78940

PROM (helsereelatert livskvalitet) og PREM (pasientopplevelingar) i SOReg

- Pasientane får **sms** og melding i **Digipost** om at der er spørsmål på **Helsenorge**.
- Dei får spørsmål om status for helsereelatert livskvalitet før operasjon i samband med inngrepet.
- Ved årskontroll får dei spørsmål om helsereelatert livskvalitet og pasientopplevelingar.


Kva skal til?

Pasientopplysingar og operasjonsskema må vere ferdigstilt seinast 10 dagar etter operasjonen.

PROM ved operasjon:

- 5-10 dagar etter operasjon får pasienten første melding.
- 20-25 dagar etter operasjon kjem påminning til pasienten.
- 35-40 dagar etter operasjon er det svarfrist.
- Svar frå pasienten ligg nedst på operasjonsskjemaet.

Operasjonsskjema blir ferdigstilt



PROM og PREM ved årskontroll:

- 9 mnd (+ 1, 4, 9 år) etter operasjon får pasienten melding.
- 12 mnd (+ 1, 4, 9 år) etter operasjon får pasienten påminning.
- 13 mnd (+ 1, 4, 9 år) etter operasjon er det svarfrist.
- Svar frå pasienten ligg nede på årskontrollskjema.

Dette betyr at det samla tidsvindauga for å svare er 120 dagar:

Operasjonsdato

| _____ 9 mnd _____ | _____ Melding frå Helsenorge _____ 90dg _____ | _____ Påminning Svarfrist _____ 30dg |

Årskontroll
1, 2, 5, (10) år

Svar på papir

Kartlegg om pasienten kan svare digitalt. Det ligg spørjeskjema på SOReg-N si heimeside, desse kan printast ut og brukast til pasientar som ikkje kan svare digitalt. Utfylte skjema leggst i konvolutt, og helsepersonell plottar svara i SOReg når operasjonsskjemaet er ferdigstilt. Pasienten kan få spørjeskjema i forkant av operasjon t.d. ved basisregistrering, eller seinast under opphaldet for operasjon. PREM-spørsmåla er ikkje med i papirversjonen.

Reservasjon

Pasienten svarar ja eller nei på spørsmål om han/ho tillèt at helsearbeidar skal kunne sjå svara på PROM. Dersom helsearbeidar kan sjå svara, åpnar dette for at svara kan brukast i samtale med pasienten. Helsearbeidar skal ikkje kunne sjå svara på PREM.

Ved revisjonsoperasjonar

- Eit pasientløp bli avslutta ved å svare "ja" på «Er en revisjonsoperasjon utført eller planlagt». Dette sperrar utsending av sms om PROM/PREM for det aktuelle pasientløpet.
- Når løp for revisjonsoperasjon er oppretta, får pasienten spørsmål om PROM og PREM som ved primæroperasjon

Framandspråklege

PROM og PREM spørsmåla er førebels på nynorsk og bokmål. Framandspråklege vil få sms på same måte som norskspråklege, men når dei loggar seg på Helsenorge kan dei svare:

Målform

- Nynorsk
- Bokmål
- None of the above (no further questions)

Spørsmåla vil då bli lukka.

Endringer i denne versjonen:

Oppdateres i forbindelse med ny versjon av prosedyren.

Ikke skriv i endringsloggen. Endringer noteres i «Merknad til denne versjonen» i Dokumentvindu.

SOReg - PROM og PREM	Versjon: 1.00
-----------------------------	------------------

Versjon	Endring i denne versjonen
1.00	ingen